



<b>REFERAT FRA</b>	Dialogmøte om båtruta Geitanger-Knappskog				
<b>MØTELEIAR</b>	Målfrid Vik Sørstabø				
<b>REFERENT</b>	Vigdis Bjørgo				
<b>MØTEDATO</b>	20.08.2018	<b>TID</b>	14.00-14.30	<b>MØTESTAD</b>	Skyss
<b>REF. DATO</b>		<b>ARKIVSAK</b>	2017/17742	<b>ARKIVNR</b>	12
<b>DELTAKARAR</b>	Bjørn Kristiansen, eideomsjef Fjell kommune Therese Borgen, samferdselsleiar Fjell kommune Målfrid Vik Sørstabø, konst. direktør Skyss Gudrun Einbu, konst. leiar avdeling trafikktildot Skyss Vigdis Bjørgo, seniorrådgjevar Skyss				
<b>FRÄVÆR</b>					
<b>KOPI TIL</b>					

## Dialogmøte om båtruta Geitanger-Knappskog, 20.08.2018

### Agenda:

- Tilbakemelding om lokale drøftingar og eventuelle avklaringar
- Drøfte moglege løysingar
- Vidare prosess

### Tilbakemelding frå kommunen

Administrasjonen førebur ei politisk sak, med planlagt handsaming innan september månad. Det er gitt politisk signal om 50/50 deling av kostnadane som ei mogleg løysing. Vidare er det ønskje frå kommunen si side at fylkeskommunen står fár anbodsutsetjinga.

### Drøfting

Båtruta dekker tenestebehov ut over persontransport for dei fastbuande på Geitanger, der i blant kommunale tenester som renovasjon.

Skyss har som utgangspunkt at kommunen tar ansvar for eventuell anbodsutlysing. Informasjon frå andre kommunar om prosess og innhald kan innhentast, ref. presentasjon av Skyss i førre dialogmøte.

### Vidare prosess

Til saksførebuinga til kommunen sender Skyss utfyllande informasjon om økonomien knytt til dagens avtale.

Skyss må sjå den politiske handsaminga av saka i samanheng med budsjettprosessen i fylkeskommunen. Fylkesrådmannen legg fram budsjettdokument for 2019 den 25. oktober.

Skyss og kommunen held kvarandre oppdatert om framdrift i respektive saksgangar.